



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Årsmelding 2019

Fylkesrådet for eldre



## Innhald

Rolle og funksjon i valperioden 2015–2019 .....	3
Handlingsprogram 2016–2019 .....	3
Aktivitetsåret 2019 .....	3
Vestlandskonferansen 8. - 9. mai – Os .....	4
Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar .....	5
Vedlegg – uttalar frå fylkesrådet for eldre .....	6
Uttale frå fylkesrådet i Sogn og Fjordane, til reglement i Vestland fylkeskommune ....	6
Høyringsinnspel regional handselsførsegn .....	7
Brev til kommunale eldreråd i Hordaland og Sogn og Fjordane om Stortingsmelding 15 (2017-2018), «Leve hele livet» .....	8
Oppmoding til kommunane om å sette ned kommunale medverknadsorgan ved konstitueringa .....	8
Kjøken på sjukeheimar. Innspel til folkevalde og kommuneleiing .....	9
Høyringsfråsegn. Utviding av rett til BPA for bestemte personar over 67 år .....	9
Høyringsfråsegn. Lov om eldreombod .....	10
Fråsegn: Budsjettmidlar til frivilligsentralane .....	10
Fråsegn til kommunane: Frivilligsentralane sin økonomi .....	12

## Rolle og funksjon i valperioden 2015–2019

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Fylkesrådet for eldre skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekår for eldre. Rådet kan òg på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden.

I møte i fylkesutvalet 4. november 2015 i sak 109/15: Val av medlemmer til nemnder o.a. vart fylgjande valt for perioden 2015 – 2019:

Medlem: Henrik Oppen (Ap)  
Varamedlem: Gunn Åmdal Mongstad (Sp)

Medlem: Anna Sofia Skaar (Pensjonistforbundet)  
Varamedlem: Kolbjørn Kastet (Pensjonistforbundet)

Medlem: Harald Ekroll (Postpensjonistane)  
Varamedlem: Arne Rognaldsen (Postpensjonistane)

Medlem: Kristoffer Skjolden (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)  
Varamedlem: Astrid Martinsen (Pensjonistutvalet i Fagforbundet)

Medlem: Aud Karin Netland (Utdanningsforbundet)  
Varamedlem: Per-Atle Holmøyvik (Utdanningsforbundet)

Fylkesrådet for eldre konstituerte seg sjølve i møte 2. februar 2016:

Harald Ekroll - leiar  
Anna Sofia Skaar - nestleiar

Fylkeskommunale og kommunale eldreråd er lovpålagt gjennom *Lov om eldreråd i fylkeskommunar og kommunar av 8. november 1991*. Lova vart sist endra 15. juni 2007. Meir detaljar om lova finn ein her: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1991-11-08-76>

## Handlingsprogram 2016–2019

Fylkesrådet for eldre starta i 2016 på arbeidet med å utarbeide ein handlingsplan for perioden 2016–2019. Handlingsprogrammet var ferdig første kvartal 2017. Handlingsprogrammet er lagt ut på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune her: [Handlingsprogram fylkesrådet for eldre 2016 - 2019](#)

## Aktivitetsåret 2019

Fylkesrådet for eldre gjennomførte fem rådsmøte og handsama ni saker i 2019. I desse rådsmøta vart det i tillegg drøfta relevante problemstillingar og handsama til saman 33 skriv og meldingar.

Desse rådsmøta vart gjennomført i 2019:

- 15. januar: Storehagen Atrium, Førde.
- 11. februar: Storehagen Atrium, Førde.
- 9. mai: Solstrand Hotell, Os, i høve Vestlandskonferansen for fylkeseldreråda.



- 17. september: Storehagen Atrium, Førde. Innleiing frå Lisa Førde Refsnes, pasientombod. Informasjon om fylkeseldrerådet i nye Vestland fylkeskommune ved Marielle Solheim og Merete Helland Nordnæs, Hordaland fylkeskommune. Innleiing om arbeid med frivilligpolitikk i kommunane ved Åge Avedal, Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- 12. november: Storehagen Atrium, Førde.

### Vestlandskonferansen 8.-9. mai, Os

Fylkesrådet for eldre i Hordaland hadde dette året ansvaret for å arrangere Vestlandskonferansen. Konferansen vart arrangert ved Solstrand hotell i Os, der det var tema innan m.a. eldreomsorg, demens, musikkterapi og velferdsteknologi.

Programpostar og innleiarar på Vestlandskonferansen:

- Omvising på Luranetunet i Os, ved Terje Søviknes, ordførar.
- Forsking på demens, ved Knut Engedal, Universitetet i Oslo.
- Musikkterapi i eldreomsorga, ved Guri Dypvik og Sandra Thorstensen, Fjell kommune, og Gerd Lunde, Bergen kommune.
- Utflukt til Oseana Kunst & Kultursenter.
- Velferdsteknologi og etikk, ved Knut Øvsthus, Høgskulen på Vestlandet.
- Kompetanseheving i demensomsorga, ved Astrid Døsen, Os kommune.
- Aldersvenleg Norge, ved Trude Drevland, leiar.



*Omvising på Luranetunet i Os kommune.*



*Kunstutstilling frå kulturskular i Hordaland ved Oseana Kunst & Kultursenter, Os*

## Deltaking i andre råd, utval, kurs og konferansar

Her er oversyn over deltakingar frå fylkesrådet for eldre i andre råd, utval, kurs og konferansar:

- Regional koordineringsgruppe for arbeidet med reforma «Leve hele livet». Aud Karin Netland og Harald Ekroll har delteke i den regionale koordineringsgruppa saman med representantar frå Fylkesmannen, KS, Utviklingscenter for sjukeheim og heimetenester (USHT), Senter for omsorgsforsking Vest og Høgskulen på Vestlandet. Netland og/eller Ekroll deltok på møte knytt til reformarbeidet i Førde 21. februar, Florø 7. mars (???), Leikanger 10. mai, Førde 5. juni og Bergen 15. august.
- Anna Sofia Skaar og Harald Ekroll deltok på samlingar om velferdsteknologi i kommunane i høvesvis Høyanger 18. januar og Stryn 21. januar.
- Anna Sofia Skaar deltok på konferanse om «Leve hele livet» i Sogndal i regi av pensjonistlaga i Sogndal, Leikanger og Balestrand 12. februar.
- Aud Karin Netland, Henrik Oppen, Harald Ekroll og Åge Avedal (sekretær) deltok under Vestlandskonferansen for fylkeseldreråd i Os 8.-9. mai.
- Anna Sofia Skaar, Aud Karin Netland, Henrik Oppen, Astrid Martinsen og Harald Ekroll deltok under Landskonferansen for fylkeseldreråda i Skien 20.-22. mai.
- KS inviterte kommunar og fylkeskommunar til å delta i nasjonalt nettverk for aldresvenlege lokalsamfunn 2019 / 2020. Sogn og Fjordane fylkeskommune vart valt ut som ein av deltakarane i nettverket. Harald Ekroll (fylkeseldrerådet), Ragnhild Berge Feidje (planstaben i fylkeskommunen) og Åge Avedal (kulturseksjonen i fylkeskommunen / sekretær fylkeseldrerådet) deltok på første samlinga i Oslo 26. august.
- Harald Ekroll deltok på markering av første fylkestinget i Vestland fylkeskommune i Håkonshallen i Bergen 15. oktober.
- Harald Ekroll, Aud Karin Netland og Åge Avedal (sekretær fylkeseldrerådet) deltok under konferansen om reforma «Leve hele livet» i Førde 28. november.

# Vedlegg – uttalar frå fylkesrådet for eldre

## Uttale frå fylkesrådet i Sogn og Fjordane, til reglement i Vestland fylkeskommune

### Kva som er bra med dagens reglement:

- Bra at fylkesrådet konstituerer seg sjølv
- Samansetninga av alderspensjonistar og fylkestingspolitikar, og at fylkespensjonistforeiningane får kome med forslag til medlemmer i fylkesrådet
- Positivt at det står noko om kjønnsbalanse, sjølv om dette er ein sjølv sagt ting
- Bra at det står noko om økonomi og eige budsjett i reglementet for Sogn og Fjordane, og at det er nemnt noko om det formelle kring møte.
- Bra at årsmelding er nemnt som eige punkt
- Personleg vara til fylkesrådet er bra

### Kva som kan forbetrast i dagens reglement:

- Kontakten med dei kommunale råda bør styrkast, og dette bør inn som ei av oppgåvene til fylkesrådet.
- Samansetninga av rådet i Vestland fylkeskommune bør vere 9 medlemmer der 2 er fylkestingsrepresentantar og 7 er alderspensjonistar. Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er ikkje oppteken av kva utval fylkestingsrepresentantane er medlem i.
- I første valperioden for Vestland fylkeskommune, bør det vere ei geografisk fordeling av medlemmane i fylkesrådet.
- Treng ikkje talfeste møte pr. år, slik som det er gjort i reglementet for Hordaland. Viser her til § 3 a) i Sogn og Fjordane sitt reglement: «Rådet held møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemmene ber om det».
- Økonomi – det bør sikrast at budsjettet for fylkesrådet er stort nok, slik at fylkesrådet får til ei fornuftig deltaking på møte, konferansar og andre møte, og det vert ei god nok handtering av sakene fylkesrådet får tilsendt.
- Det er ynskje om å få ei moglegheit til å presentere saker i fylkesting, fylkesutval og/eller hovudutval, og at det står noko om dette i reglementet.
- Det er ynskje om arbeidsutval for fylkesrådet for eldre i Vestland fylkeskommune, og dette bør bestå av minst tre medlemmar frå fylkesrådet.

### Kva som er bra med dagens arbeidsform:

- Ved behov har fylkesråda fått informasjon frå administrasjonen, til dømes frå samferdsleavdelinga om tilrettelagt transport og serviceskyssen, og frå opplæringsavdelinga om tilpassa opplæring
- Det har vore positivt å besøke bedrifter og få informasjon frå dei om aktuelle tema som fylkesråda jobbar med. Dette har til dømes vore besøk hos Stryn vidaregåande skule, der fylkesråda fekk omvising i visningsleilegheita og informasjon om velferdsteknologi.
- Det har vore positivt at ein i møta har fordjupa seg i spesielle tema, der ein har fått informasjon frå innleiarar. Sjå kulepunktta over for eksempel.
- Slik som sakspapir og møteprotokollar er lagt ut på heimesida til Sogn og Fjordane fungerer bra.
- Det har vore dialog med interesseorganisasjonane for dei to fylkesråda, for å få innspel frå organisasjonane og for å sikre informasjon frå fylkesråda. Dette har fungert bra.

- *Det har vore høve for medlemmane til å delta på kurs og konferansar for å halde seg fagleg oppdatert.*
- *Dialogen med dei kommunale råda har fungert delvis, ved å ha møta i ulike delar av fylket, der dei kommunale råda i nærområdet har vorte invitert til møte. Dette er ein måte å komme i kontakt med dei kommunale råda, og få til ein dialog.*

#### Kva kan forbeistrast med dagens arbeidsform?

- *Til tider kan det vere omfattande saker som kjem til høyring, og det er mykje å lese gjennom. Det er ynskje om å få tilsendt ei oppsummering av store høyringar. Eit forslag kan vere å ha innleiar til dei store tunge sakene, slik at ein sikrar ei god innføring i problemstillingane.*
- *Det er viktig med god kontakt med dei kommunale råda for å få til ein god aktivitet i dei kommunale råda, og få innspel til aktuelle saker for fylkesrådet.*
- *Medverknadsorgana har krav på same opplæring som dei folkevalde, og det er ynskje om det vert lagt til rette for dette i Vestland fylkeskommune.*
- *Ved større planarbeid og/eller større utbyggingar i fylkeskommunal regi, er det ynskje om bli involvert i arbeidsgruppene som vert sett ned. Ynskje er med bakgrunn i å ta i vare brukarane sine interesser.*
- *I nokre tilfelle har det vore eit inntrykk at fylkesstatlege instansar gjev nokre føringar, og fylkesrådet opplever at det ser ut som fylkesstatlege instansar har ynskje om å ha med eldreråda i ymse samanhengar. Om det fortset slik framover, må det takast omsyn til dette når budsjett for fylkesrådet for eldre i Vestland vert laga.*

#### Andre innspel:

- *Det er viktig at fylkestinget i Vestland fylkeskommune etablerer rutinar som sikrar at medverknadsorgana mottok sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalane frå råda har moglegheit til å påverke utfallet av saka.*
- *I fylkesråda i Vestland fylkeskommune, bør det vere eit fleirtal av representantar frå interesseorganisasjonane.*

## Høyringsinnspel regional handelsføresegn

*Fylkesråd for eldre i Sogn og Fjordane har handsama utkast til regional handelsføresegn, og vil med dette komme med høyringsinnspel.*

*Rådet synest handelsføresegna er dekkande og god. Den tek opp i seg innspel rådet har kome med tidlegare i andre plansaker. Fylkesråd for eldre vil spesielt peike på at om ein skal få til eit grønt skifte og få fleire til å gå, nytte sykkel og offentlege transportmidlar, må ein fokusere sterkt på det som er nemnt i folkehelsemeldinga m.v. Side 2 av 2*

*Rådet meiner ein må intensivere bygging av gang- og sykkelveggar. Ved handelssentra må ein byggje sykkelparkering under tak. På denne måten legg ein godt til rette og stimulerer til meir bruk av sykkel.*

*For utfyllande kommentarar kan leiar Harald Ekroll kontaktast.*

## Brev til kommunale eldreråd i Hordaland og Sogn og Fjordane om Stortingsmelding 15 (2017-2018), «Leve hele livet»

*Eldrerådet i kommunen er eit viktig ledd i gjennomføringa av stortingsmelding nr. 15, «Leve hele livet» - ei kvalitetsreform for eldre. Fylkeseldreråda i Hordaland og Sogn og Fjordane oppmodar difor alle kommunale eldreråd til å delta aktivt i arbeidet med å setja i verk kvalitetsreforma. Det vil vel vera naturleg at eldrerådet vert representert i kommunale arbeidsgrupper/råd/utval som arbeider med gjennomføringa av reforma «Leve hele livet», og at eldrerådet bidreg til at reforma vert gjennomført på tilfredsstillande måte.*

*Fylkeseldreråda i Hordaland og Sogn og Fjordane er representerte i Fylkesmannen i Vestland si støttegruppe for gjennomføring av kvalitetsreforma «Leve hele livet». Fylkesmannen har, som kjent, hovud-ansvaret for gjennomføringa av «Leve hele livet» i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune, det vil seie nye Vestland fylkeskommune.*

*Det vert jamleg sendt ut informasjon frå helsedirektoratet om arbeidet. Den sist utsendte informasjonen finn de på nettet. Ved å trykka på linkane nedanfor, kjem de direkte til nyttig informasjon.*

*<https://www.helsedirektoratet.no/leve-hele-livet-kvalitetsreformen-for-eldre>*

*<https://omsorgsforskning-midt.no/.../stortingsmelding-nr-15-leve-hele-livet-en-kvalitet...>*

*Fylkeseldreråda i Hordaland og Sogn og Fjordane ynskjer dei kommunale eldreråda lykke til i arbeidet med «Leve hele livet».*

*Med venleg helsing*

*Fylkeseldrerådet i Hordaland  
Gunda Falao Sparre  
leiar*

*Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane  
Harald Ekroll  
leiar*

## Oppmoding til kommunane om å sette ned kommunale medverknadsorgan ved konstitueringa

*Fylkesråd for eldre i Sogn og Fjordane vil med dette oppmode kommunane i Sogn og Fjordane om å sette ned medverknadsorgan, råd for eldre, funksjonshemma og ungdom ved konstituering av dei nye kommunestyra.*

*Vi viser til Vestland fylke som vil gjere dette til praksis. Fylkesråd for eldre vil streke under at medverknadsorgan bør setje i gang arbeidet så tidleg som råd og få same opplæringa som dei folkevalde i kommunane.*

*Med helsing*

*Harald Ekroll  
leiar i fylkesråd for eldre Sogn og Fjordane*

*Åge Avedal  
rådgjevar / sekretær for fylkesrådet*



## Kjøken på sjukeheimar. Innspel til folkevalde og kommuneleing

*Mat kan bidra til trivsel og godt miljø. Glede over eit måltid er svært viktig for eldre på sjuke- og aldersheimar, der mange kan vere underernærte. Fylkesråd for eldre i Sogn og Fjordane meiner at maten på sjuke- og aldersheimane bør lagast på staden av kvalifisert personale og bli servert på ein måte som vekker appetitt og matglede.*

*Fleire kommunar har valt å lage maten som blir servert på sjuke- og aldersheimar på eit sentralt storkjøken. Då blir det vanskeleg å lage mat som er tilpassa brukarane sine individuelle behov, og den blir heller ikkje servert på ein slik måte at matopplevinga blir ein viktig del av livet på institusjonen.*

*Fylkesråd for eldre i Sogn og Fjordane deltok på den nasjonale konferansen for eldreråd i Telemark i mai 2019. Eit av emna på konferansen var Kosthold og ernæring for eldre i institusjon og hjemmeboende ved Erlend Eliassen, kokk og ernæringsrettleiar i Sandefjord kommune. Han kom med eksempel på at eldre kom seg opp av rullestolen og senga, takka vere kokkar som laga rett mat og skapte matglede. Pasientar eller andre som ikkje hadde matlyst, var underernært eller hadde dårleg svelgjefunksjon fekk mellom anna eigenlagde frukt- og bærhaldige styrkedrikkar fulle av kaloriar, protein og antioksidantar. Dette er også effektivt i sårstell, då protein gjer at sår gror raskare. Under- og feilernæring gir dårlegare helse- og livskvalitet, og aukar faren for å bli svimmel, brotskadar ved fall og auka risiko for liggesår. Erfaringa frå Sandefjord viste at kostprisen per døgn per bebuar var på 125 kroner ved lokale kjøken på institusjonane.*

*Vi minner om at regjeringa i revidert nasjonalbudsjett 2019 foreslo å opprette eit investeringstilskot til lokale kjøkenløysingar med eige produksjonskjøken. Ordninga blir sett i verk via Husbanken frå 1. oktober 2019 med ei tilseignsramme på 12,5 millionar kr for 2019.*

*Kjøken på sjuke- og aldersheimar styrkar livskvaliteten og trivselen for bebuarar på institusjon!*

*Vi ber om at de sender vidare dette brevet til alle nye folkevalde i kommunen, samt eldreråd, kommuneleing og ansvarleg for helse og sosial.*

*Med helsing*

*Harald Ekroll  
leiar i fylkesråd for eldre Sogn og Fjordane*

*Åge Avedal  
rådgjevar / sekretær fylkesråd for eldre*

## Høyringsfråsegn. Utviding av rett til BPA for bestemte personar over 67 år

*Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane har handsama høyring med forslag om utviding av retten til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) for bestemte personar over 67 år. Fylkesrådet for eldre er positive til forslaget til rettighetsendring. Fylkesrådet meiner vidare at Helse- og omsorgsdepartementet bør sjå på om ein også bør ha rett til vedtak om BPA dersom behovet oppstår etter fylte 67 år.*

*Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag om utviding av rettighetsbestemminga om BPA for bestemte personar over 67 år. Fylkesrådet for eldre meiner denne endringa er viktig og god, då BPA vil vere eit godt tenestetilbod for mange også etter fylte 67 år.*

Fylkesrådet for eldre meiner Helse- og omsorgsdepartementet no bør sjå på moglegheita for å utvide retten også til personar over 67 år med langvarig og stort behov for personleg assistanse. BPA er med å gje brukarane av tilbodet større fridom til å vere med å styre innhaldet i tenestene. Dette kan gje betre teneste for ein del brukarar enn andre kommunale helse- og omsorgstenester. Som det kjem fram av høyringskrivet frå departementet er BPA ofte ikkje eit dyrare tiltak enn andre hjelpetenester, men kan tidvis vere betre tilpassa brukaren sine individuelle behov.

Med helsing

Harald Ekroll  
leiar fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane

Åge Avedal  
rådgjevar / sekretær fylkesråd for eldre

## Høyringsfråsegn. Lov om eldreombod

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane har handsama høyring med forslag til lov om eldreombodet, sendt ut av Helse- og omsorgsdepartementet. Fylkesrådet for eldre er positive til forslaget om oppretting av eldreombod.

Vi meiner det er bra at eldreombodet blir eit politisk uavhengig og sjølvstendig forvaltningsorgan. For å kunne jobbe godt og til beste for målgruppa er det viktig med langsiktige mål for arbeidet. Fylkesrådet for eldre oppmodar eldreombodet om å ha nær dialog og dele erfaringar med andre ombod, m.a. pasient- og brukarombodet.

Med helsing

Harald Ekroll  
Leiar i fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane

Åge Avedal  
rådgjevar / sekretær fylkesrådet for eldre

## Fråsegn: Budsjettmidlar til frivilligsentralane

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane ser med uro på endringa som gjeld overføring av midlar til frivilligsentralane landet rundt frå 2021. Vi er redd for at endringa i finansiering vil føre til redusert drift med fare for nedlegging av tilboda til frivilligsentralane i mindre folkerike kommunar.

Vi ber om at Kulturdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet ser nærmare på korleis ein kan sikre drifta og vidare arbeid av frivilligsentralar i dei mindre kommunane frå 2021. Vi ber partigruppene om å sjå på det same gjennom budsjettarbeidet, og vonar at partia vil ta opp saka under handsaming av statsbudsjettet i familie- og kulturkomiteen.

Frivilligsentralane i kommunane var tidlegare delvis finansiert med øyremerka midlar via Kulturdepartementet. Det vart frå 2017 sett i gang ei overgangsordning på fire år der den kommunevise fordelinga har følgt tabell c-K. Frå 2021 vil midlane bli fordelt etter ordinære kriterium i inntektssystemet til kommunane. Det er då opp til den enkelte kommune å prioritere midlar til frivilligsentralane via sitt budsjett.

Tilskotet skal frå 2021 innlemmast i kommunane sitt rammetilskot etter ordinære kriterium (innbyggjartilskot). I følgje Norges frivilligsentralar vil dette medføre færre midlar i over halvparten av dei norske kommunane, der dei minste kommunane blir mest råka. Norges frivilligsentralar har gjort ei utrekning på dette som er publisert på nettsidene deira: <https://www.frivilligsentral.no/nyhet?tilskuddsfordeling-2021&Id=31729>

Frivilligsentralane er lokale møteplassar for folk, lag/foreiningar og det offentlege som bidrar til frivillig innsats for og med det breie lag av befolkninga rundt om i landet. I følgje Norges frivilligsentralar er det i dag 463 frivilligsentralar i drift fordelt på 353 kommunar.

Endringa i finansiering av frivilligsentralane vil gå ut over midlane til frivilligsentralar i dei mindre kommunane. Midlane vil også i større grad kunne bli ein del av ein prioriteringsdiskusjon knytt til kommunale budsjett. Øyremerka tilskot kan vere avgjerande for å sikre det lokale tilbodet frivilligsentralane gir.

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane ber departementa, Stortinget og partigruppene jobbe for å motverke at vi mistar tilboda til frivilligsentralane i mange av dei mindre kommunane i landet!

Med helsing

Harald Ekroll  
Leiar i fylkesråd for eldre Sogn og Fjordane

Åge Avedal  
Rådgjevar / sekretær fylkesråd for eldre

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Kulturdepartementet  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Arbeidarpartiet si stortingsgruppe  
Høgre si stortingsgruppe  
Framstegspartiet si stortingsgruppe  
Senterpartiet si stortingsgruppe  
SV si stortingsgruppe  
KrF si stortingsgruppe  
Venstre si stortingsgruppe  
MDG si stortingsgruppe  
Raudt si stortingsgruppe  
Stortingsbenken til Sogn og Fjordane  
Representantane i familie- og kulturkomiteen

Kopi til:

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane  
Nettverket av frivilligsentralar i Sogn og Fjordane

## Fråsegn til kommunane: Frivilligsentralane sin økonomi

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane ser med uro på endringa som gjeld overføring av midlar til frivilligsentralane landet rundt frå 2021. Vi er redd for at endringa i finansiering vil føre til redusert drift ved frivilligsentralane i mindre folkerike kommunar. Vi ber folkevalde og administrasjonane i kommunane ta omsyn til og sikre stabile rammer for frivilligsentralane også etter 2021.

Frivilligsentralane i kommunane var tidlegare delvis finansiert med øymerka midlar via Kulturdepartementet. Det vart frå 2017 sett i gang ei overgangsordning på fire år der den kommunevise fordelinga har følgd tabell c-K. Frå 2021 vil midlane bli fordelt etter ordinære kriterium i inntektssystemet til kommunane. Det er då opp til den enkelte kommune å prioritere midlar til frivilligsentralane via sitt budsjett.

Tilskotet skal frå 2021 innlemmast i kommunane sitt rammetilskot etter ordinære kriterium (innbyggjartilskot). I følgje Norges frivilligsentralar vil dette medføre færre midlar i over halvparten av dei norske kommunane, der dei minste kommunane blir mest råka. Norges frivilligsentralar har gjort ei utrekning på dette som er publisert på nettsidene deira: <https://www.frivilligsentral.no/nyhet?tilskuddsfordeling-2021&Id=31729>

Fylkesrådet for eldre har sendt inn fråsegn om budsjettmidlar til frivilligsentralane til Kulturdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, medlemene i familie- og kulturkomiteen på Stortinget, partigruppene og stortingsbenken til Sogn og Fjordane. Fråsegna er lagt ved her.

Endringa i finansiering av frivilligsentralane vil gå ut over midlane til frivilligsentralar i dei mindre kommunane. Midlane vil også i større grad kunne bli ein del av ein prioriteringsdiskusjon knytt til kommunale budsjett. Vi håpar og ber om at dei folkevalde i kommunane sørgjer for stabile driftsinntekter til frivilligsentralane også frå 2021, uavhengig av endringar som eventuelt måtte komme knytt til overføringar frå staten!

Denne fråsegna er sendt til kommunane i Sogn og Fjordane ved postmottak etter gamal kommunestruktur. Vi ber om at den blir sendt vidare til folkevalde og rådmann/kommunedirektør i kommunane, samt dei kommunale eldreråda.

Med helsing

Harald Ekroll  
Leiar i fylkesråd for eldre Sogn og Fjordane  
fylkesråd for eldre

Åge Avedal  
Rådgjevar / sekretær

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

### Vedlegg:

Fråsegn: Budsjettmidlar til frivilligsentralane





SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
57 63 80 00  
post@sfj.no  
www.sfj.no

Framsidedfoto: Dagsturhytta i Lærdal  
Foto: Stig Roger Eide